

Årsmelding 2024





2024

INNHALD

Våre verdier	4
Dagleg leiar	6
Utbyggingsprosjekt.	8
Vatn.....	16
Avløp	22
Renovasjon.....	28
Årsmelding og rekneskap	35



Vatn
Side 16



Avløp
Side 22



Renovasjon
Side 28

VÅRE VERDIAR

Ansvarleg Imøtekommande Modig

ØyVAR sikrar reint drikkevatn, effektiv avløpsbehandling og berekraftig avfallshandtering i Øygarden kommune.

Vi har tre verdier som formar både kvardagen vår og retninga vi går i: *Ansvarleg*, *Imøtekommande* og *Modig*. Desse verdiane legg grunnlaget for korleis vi arbeider – både internt og ut mot innbyggjarane.

Vi er ansvarlege – vi tek vare på miljøet og klimaet, og vi bryr oss om lokalsamfunnet vi er ein del av. Vi er stolte av dei dyktige tilsette våre, som kvar dag gjer ein viktig jobb for å sikre reint vatn og trygg drift. Vi held abonnentane våre oppdaterte og jobbar målretta for å levere høg kvalitet i alle tenester.

Vi er imøtekommande – vi møter kundar, eigarar og samarbeidspartnarar med respekt og openheit. God kundeservice handlar om å vere tilgjengeleg, forstå behov og gi god informasjon. Det er ein del av kvardagen vår.

Vi er modige – vi tør å tenkje nytt og satse på teknologi som styrkjer tenestene våre. Når uventa utfordringar oppstår, står våre modige tilsette klare til å handle raskt og løysingsorientert.

Verdiane våre er meir enn fine ord – dei er kompasset vårt. Og vi er i gang med å gjere dei til ein naturleg del av kvardagen vår.





VÅRE AMBISJONAR

- Best på organisering av VAR-tenester i Noreg
- Best på kundeoppleveling
- Nok drikkevatn av høg kvalitet
- Inga forureining som skader natur og miljø
- Berekraftig og kostnadseffektiv avfallshandtering
- Øygarden kommunes fremste miljøbedrift
- Mest attraktive VAR-arbeidsplass

DAGLEG LEIAR

Fagleg styrke og engasjement driv utviklinga vår framover

ØyVAR skal levere trygge og framtidsretta tenester innan vassforsyning, avløpsreinsing og gjenvinning. Store delar av verksemda vår handlar om å sikre samfunnskritiske funksjonar – noko som krev både høg kompetanse og sterkt engasjement.

Eit viktig steg i retning av betre forsyningssikkerheit er bygginga av Sotrasambandet. I samband med dette blir det lagt ny vassleidning i brua mellom Øygarden og Bergen. Dette styrkjer beredskapen og tryggleiken for innbyggjarane i begge kommunar dersom det skulle oppstå uforesette hendingar i vassforsyninga.

Auka innbyggjartal – redusert vassforbruk

For å kunne levere tenester av høg kvalitet – både no og i framtida – er vi avhengige av dyktige og motiverte medarbeidarar med tilgang på verktøy og kompetanse som oppfyller dagens og morgondagens krav. Våre tilsette er kjernen i alt vi gjer, og dei driv utviklinga vår framover. Dei står på kvar einaste dag for å gi abonnentane våre eit godt tenestetilbod.

I 2024 gjekk vi over til å sende faktura kvar månad, noko som blei godt motteke. Endringa har mellom anna ført til reduksjon i samla utestående beløp frå kundane.

Media har retta stadig meir merksemd mot utfordringane i VA-sektoren – utfordringar som blir forsterka av klimændringar og skjerpa krav til reinsing. EU vedtok hausten 2024 eit nytt avløpsdirektiv, som etter planen skal bli del

av norsk lov innan 2027. Direktivet legg opp til betydelege krav, også for mindre tettstader, med frist for nye anlegg innan 2035. Det er likevel rom for tilpassing, og vi følgjer nøye med på utviklinga.

Sjølv om utfordringane er store, har vi oppnådd positive resultat. Sidan 2020 har folketalet i Øygarden auka med over 4 %, medan vi har redusert vassforbruket frå vassverka med 6 %. Dette er viktige steg i retning av lågare lekkasjedel og meir berekraftig drift. Vi arbeider målretta for å redusere utslepp av ureinsa avløpsvatn, og talet på timar med overløp blir redusert år for år.

Betre sorteringsgrad med ny gebyrmodell

ØyVAR har saman med Bergen kommune kjøpt inn nytt overvakingssystem for vatn og avløp, og vi er no i gang med å ta systemet i bruk. Det nye systemet har høgare IT-sikkerheit og gir betre moglegheiter til å utnytte og optimalisere anlegg basert på innsamla data. Systemet skal etter planen vere i drift i løpet av 2025.

Også på avfallsområdet skjer det mykje. Endringar i forskrifta frå 2024 medfører strengare krav til sortering og materialgjenvinning. Dette vil truleg påverke gebyrnivået





framover. På Rong har vi testa ein ny gebyrmodell der kundane betaler pr. kilo restavfall. Resultata viser ei tydeleg betring i sorteringsgraden samanlikna med tidlegare.

Den nye gjenbruksstasjonen blei forseinka etter ein klage til KOFA, og opninga er no venta mot slutten av 2025. I mellomtida har vi utvida opningstidene ved Midtstegen – noko som har blitt godt motteke av innbyggjarane.

Rustar oss for framtida

Vi har også fleire større prosjekt under arbeid. I samband med ny jordkabel mellom Solsvik og Blomøyna skiftar vi ut 4–5 km vassleidning. Samla sett bind desse prosjekta opp mykje kapasitet, men dei er nødvendige for å møte framtidige behov og krav. Fleire mindre prosjekt blei også gjennomførte i 2024, blant anna ny pumpestasjon på Valen etter brannen i 2023.

Eg vil avslutningsvis rette ein varm takk til alle medarbeidarar i ØyVAR. De viser stor innsats, fagleg styrke og eit ekte engasjement for samfunnsoppdraget vårt – kvar einaste dag. Takk for at de er med på å utvikle og drive ØyVAR med ansvar og kvalitet i fokus.

Bjarne Ulvestad
Dagleg leiar



Utbyggings- prosjekt

Ferdigstilte prosjekt

Prosjekt under utføring

Prosjekt under prosjektering eller planlegging

2024



Inngjerdsvegen, Klokkevik

Ferdigstilte prosjekt

Straumsundet

I samband med opparbeiding av fortau frå Straumsundet til avkøyrsla til Bjørkestølen er det etablert vass- og avløpsleidningar. Arbeidet er utført i samarbeid med Straume Mesterbygg AS og Øygarden kommune.

Valen pumpestasjon

I 2023 brann Valen avløpspumpestasjon ned, og i 2024 blei denne pumpestasjonen bygd opp att.



Straumsundet

Brattholmen skule–Brattholmen kai

Dette prosjektet er eit samarbeid mellom Øygarden kommune, Vestland fylkeskommune, privat utbyggjar og ØyVAR. Det løyser mellom anna utfordringar med overvatn, og gamle leidningar for vatn og avløp blir erstatta i området.

Osundet bru

ØyVAR bytte ut vassleidninga då Vestland fylkeskommune etablerte nytt fortau. Leidninga opnar opp for ei mogleg samankopling mot Alvheim vassverk i nord.



Brattholmen



Porsvika



Dala-Tellnes

Dala-Tellnes skule

Det blei lagt nye leidningar for vatn og avløp då Vestland fylkeskommune bygde nytt fortau på strekninga mellom Dala og Tellnes skule.

Arseta APS

I samband med at Øygarden kommune har oppgradert veg og fortau i Arseta-området, har det også blitt etablert ny avløpspumpestasjon. Som ei vidareføring av dette har ØyVAR sanert to eldre reinseanlegg for avløp og erstatta desse med nedgravne, tilpassa pumpestasjonar for området.



Arseta



Ekrhovda

Ekrhovda

ØyVAR har i 2024 ferdigstilt ny vassleidning i fortau på Ekrhovda.

Møvik

ØyVAR har oppgradert vass- og avløpsleidningar i samband med at kommunen etablerte fortau frå Vestsidevegen til Møvika.

Store Ramsholmen–Porsvika

Nye vassleidningar mellom Ramsholmen og Porsvika sørgjer for auka leveringskapasitet mot Glesnes, Toftøyna og Porsvika, og skal redusere trykktapet som tidvis oppstår i området.

Oppgradering av Selstakken høgdebasseng

Høgdebassenget på Selstakken blei oppgradert i 2024 for å sikre at ØyVAR også framover kan levere trygt drikkevatt til dei nordlegaste delane av Øygarden.



Møvik

Prosjekt under utføring



Straume

Gjenbruksstasjonen på Straume

Grunn- og betongarbeida har framdrift som planlagt, og vi ventar at den nye gjenbruksstasjonen vil vere klar til opning i januar 2026.



Øygardskabel

Øygardskabel II – Statnett

Statnett legg ny straumkabel i bakken på eit ca. 15 km langt strekk. Samstundes blir vass- og avløpsleidninga bytt ut på delar av strekket. Totalt planlegg Statnett å leggje 4–5 km med ny vassleidning som erstatning for den eksisterande leidninga. Arbeidet er i gang.



Grønamyrsvegen

Grønamyrsvegen

Øygarden kommune oppgraderer Grønamyrsvegen til miljøgate, og ØyVAR deltek i prosjektet med oppgradering av vass- og avløpsleidningar. Arbeidet er forventa ferdig i 2025.



Sotrasambandet

Sotrasambandet

I samband med OPS-prosjektet Sotrasambandet skal det etablerast ei ny reservevassleidning frå Bergen til Sotra, og frå Sotra til Bergen, for å sikre vassforsyninga mellom kommunane i tilfelle krise. For ØyVAR sin del startar leidninga midt på nye Sotrabrua. På bysida er det Bergen kommune som eig leidninga. I Øygarden endar leidninga i dette prosjektet midt på Bildøybakken, der ho skal kopl原因ast saman med eksisterande vassleidningsnett. Vidare skal den nye hovudleidninga erstatte delar av leidningsnettet som no kjem i vegen for den nye motorvegen. På same måte skal eksisterande avløpssystem oppgrade-rast og kopl原因ast om nokre stader på grunn av nødvendig omlegging der det kjem i vegen for den nye motorvegen. Samstundes vil det sikre lov-pålagt brannsløkkjevatn til tunnelane på den nye vegen.



Sotra Arena–Ebbesvik

Sotra Arena–Ebbesvik, etappe II

Nye vass- og avløpsleidningar i ny veg med fortau. Solli Eigedom har ny veg under arbeid. Den startar omtrent ved utkøyrsla til utelageret ved Obs BYGG og går til fylkesvegen i enden av Ebbesvikvatnet. Her er det lagt ny vassleidning og nye avløpsleidningar, og etter planen skal ØyVAR overta dei til offentleg eige når alt er ferdig.



Skogsvåg

Skogsvåg

VA-tiltak i Skogsvåg sentrum blir gjennomført i samband med sentrumsplanen for Skogsvåg. Vidare arbeid blir utsett til finansieringa er på plass, truleg i 2026.

Våge–Anglavika

I samband med etablering av fortau og vegutviding har ØyVAR framført nye vass- og avløpsleidningar på strekket (del I).

Eidespollen

For å vidareføre sikring av vassforsyninga frå Kørelen vassverk og sørover i kommunen har ØyVAR no etablert parallell vassleidning frå entreprisegrensa ved rundkøyringa og ned i Eidesjøen, der det er nyare vassleidning.



Eidespollen

Brattholmen skule–Nygårdshøgda vassleidning

Øygarden kommune la oppgradering av skuleplass, oppgradering av overvasssystem og etablering av trygg skuleveg i og ved Brattholmen skule ut på anbud. ØyVAR har i samarbeid med Vestland fylkeskommune og privat utbyggjar bytt ut eldre VA-anlegg når det likevel skulle gjennomførast tiltak her. Forventa levetid på oppgradert VA er inntil 100 år.



Våge–Anglavika

Prosjekt under prosjektering eller planlegging



Dala

- VA-leidningar gjennom Skogevatnet til nytt reinseanlegg ved Midtstegen: Søknadsprosessen er i gang.
- Dala del III: Vatn og avløp vidare frå entreprisegrense for del I til Skitnabotn i samarbeid med Vestland fylkeskommune og Øygarden kommune. Trafikk-sikkerheitsløysing mot Dalseide og vidareføring av fortau mot Trengereid. Prosjektering og avklaringar har starta.
- Bjørøy: ØyVAR skal delta med flytting av vassleidning og legging av ny avløpsleidning i samband med at det er planar om å etablere fortau på delstrekk mellom Bjørøy skule og Bjørøy barnehage. Vestland fylkeskommune planlegg å leggje fortau der ein del av vegen går i dag, og å utvide vegen som tryggingstiltak. Vassleidninga vil då kome i vegen og skal flyttast til fortau. Finansieringsavhengig prosjekt.
- Kolltveit trykkaukestasjon: Prosjektet er under planlegging. Forventa søknad og utbygging i 2025.
- Bildøybakken trykkaukestasjon: Prosjektet er under planlegging. Forventa søknad og utbygging i 2025.
- Nygårdsvegen: Avløpspumpeleidning og sanering av avløp. Søknadsprosess i gang.
- Ny vassleidning ved Alvheim: Prosjektet er under planlegging.
- Ny pumpestasjon ved Svanevågen og leidning Svanevågen–Kollsnes: Prosjektet er under planlegging.
- Vestsidvegen: Avløpssanering er under planlegging.



Vatn

ØyVAR har fem vassverk fordelt over heile kommunen og ca. 425 km med kommunale vassleidningar. Som ein del av nettet har vi også 16 høgdebasseng og 24 trykkauke-stasjonar. Vi er 20 tilsette som saman står for dagleg drift og vedlikehald av desse anlegga.



**Vassprøver
vel 800 stk**

**Vasskvalitet
ingen
bakteriologiske
avvik**

**Lekkasje
26 %**

**Tilknytte hushalds-
abonnentar
15 100**

Vasskvalitet

Alle vassverka er knytte saman, men vi har delstrekk med for små leidningsdimensjonar til at dei fem vassverka våre kan hjelpe kvarandre fullt ut. Den nye kommunedelplanen for vatn, avløp og overvatn er no godkjend. Planen omfattar tiltak for å auke overføringskapasiteten mellom vassverka.

I 2024 blei det teke vel 800 rutinemessige vassprøver ulike stader på nettet. Kvaliteten er god. Vi har ingen bakteriologiske avvik. Vi har framleis høge kintal frå Alvheim vassverk, og vi ser på ulike løysingar for å redusere dei. Prøveprosjektet med ein ultralydsendar i høgdebassenget ser dessverre ikkje ut til å ha hatt særleg effekt. Dette tiltaket vil bli avslutta.

Vi er også i gang med å optimalisere nokre av vassverka våre ytterlegare med økonomisk støtte frå Folkehelseinstituttet.

Lekkasje og vassproduksjon

Målrretta jobbing for å stoppe lekkasjar og utbetre sårbare punkt løner seg. Dette medfører færre uføresette vassleidningsbrot, mindre vatn på avvegar og betre vasskvalitet til abonnentane. Også i 2024 har det blitt jobba systematisk for å forbetre leidningsnettet vårt, med utskifting av ventilar, fornying av leidningar og utjamning av trykk.

Lekkasjetalet ser ut til å ha stabilisert seg i forhold til 2023, men det er framleis for høgt, og vi må halde fram med det målrretta arbeidet.

Talet på akutte vassleidningsbrot er på eit relativt lågt nivå.

Også for 2024 aukar talet på abonnentar, men i motsetnad til tidlegare år har mengda produsert vatn gått litt opp i forhold til fjoråret.

Samla vassforbruk

5 641 428 m³

491 428 m³ meir enn i 2023


Lekkasje 26 %



Talet på akutte vassleidningsbrot er på eit relativt lågt nivå.

Stig Hagenes,
fagsjef VA





VASSKVALITET

Ny sensor gir bedre oversikt

ØyVAR har sett i verk fleire tiltak for å sikre enda bedre kvalitet på drikkevatnet. Testing av ein ny sensor har gitt bedre oversikt over vasskvaliteten og dosering av kjemikalier, medan eit nytt reinsestoff skal redusere partiklar i vatnet.

Ved Bildøyvatnet vassbehandlingsanlegg har ØyVAR testa ut teknologi som gjer det mogleg å overvake vasskvaliteten i sanntid. Med støtte frå Folkehelseinstituttet installerte ØyVAR i juni i fjor ein sensor som kan måle kor mykje lys vatnet absorberer, og som dermed raskt kan avsløre endringar i vatnet på anlegget. Målet var å sjå om dette kan vere eit betre verktøy for å justere til heilt riktig mengde utfellingskjemikalie, som er stoffet vi bruker for å reinse vatnet. No er prosjektet fullført, og resultatene er gode.

– Sensoren gav oss verdifull informasjon om kvaliteten på vatnet og variasjonar undervegs i vassbehandlinga. Han gjorde det òg mogleg å justere doseringa av kjemikalier meir presist for å få klårare vatn, seier Hilde Vik Halleraker, leiar for kvalitetssikring og HMT i ØyVAR.

Færre svarte partiklar

Dette er eitt av fleire tiltak ØyVAR har sett i verk for å optimalisere vassverka i Øygarden. Bakgrunnen for tiltaka er at vi tidvis har funne svarte partiklar i vatnet. Partiklane er utfelt mangan – eit stoff som finst naturleg i råvasskjeldene. Når vi tilfører fellingskjemikalie i reinsinga, kan det kome fleire slike partiklar.

– Mengda utfelt mangan i drikkevatnet har heile tida vore godt innanfor grenseverdiane i drikkevassforskrifta, så det er inga helsefare knytt til dette. Men vi jobbar kontinuerleg med å forbetre vasskvaliteten og held derfor no på å få godkjent ein ny fellingskjemikalie som skal redusere mengda mangan i drikkevatnet. Målet med å byte reinsestoff er å redusere utfelling og svarte partiklar i vatnet, seier Halleraker, som håper at den nye fellingskjemikalien blir godkjend og teken i bruk i løpet av 2025.

Sensor kan varsle om avvik

I dag blir laboratorieprøver brukte i kombinasjon med målingar av turbiditet – eit mål på kor uklar ei væske er for lys – for å overvake vasskvaliteten. Jo lågare turbiditet, jo klårare er vatnet.

Sensoren som er teken i bruk på Bildøyvatnet vassverk, viste seg å vere eit godt supplement til desse metodane, også i overvakinga av filtreringa frå råvatn til reint vatn. Til dømes avdekte sensoren at eitt av filtera trong ekstra oppfølging. Laboratorieprøvene stadfesta dette, medan turbiditetsmålingane ikkje viste det like tydeleg.

– Det handlar om å forstå anlegget vårt betre og vere føre var. Sensoren har òg vist potensial som eit system for tidleg varsling, med moglegheit for å setje opp alarmer når det oppstår avvik i vasskvaliteten, seier Halleraker.

Sensoren er brukarvennleg og krev lite vedlikehald. ØyVAR og Bildøyvatnet vassbehandlingsanlegg ønskjer å vidareføre bruken for å forbetre vasskvaliteten og regulere doseringa av fellingskjemikalie.



Det handlar om å forstå anlegget vårt betre og vere føre var.


Hilde Vik Halleraker,
leiar for kvalitetssikring og HMT





Avløp

ØyVAR har i dag 41 reinseanlegg: fire silanlegg, to kjemiske/biologiske anlegg og 35 slamavskiljarar. Vi har ca. 270 km med avløpsleidningar og 94 pumpestasjonar. 20 tilsette står for drift og vedlikehald av desse anlegga.



Reinseresultat
godt innafor
utsleppsløyva

Innbyggjarar
tilknytt
70 %

Kvalitet

Vi tek systematiske prøver frå alle avløpsreinseanlegga som har krav om det i utsleppsløyvet. Alle anlegga har levert reinseresultat godt innanfor løyvet. Dette gjeld følgjande anlegg:

Silanlegg

- Storanipa, Krekjebærneset og Møvik

Kjemiske/biologiske anlegg

- Trengereid og Kallestadvik

Slamavskiljarar

- Skaga, Tellnes, Limavågen, Klokkevik, Telavåg og Torsvik

Av totalt 35 slamavskiljarar har vi igjen eitt anlegg der utsleppsløyvet må klargjerast nærmare.

Alle avløpsanlegga i Øygarden kommune er rapporterte til Miljødirektoratet.

Valen avløpspumpestasjon brann ned i august 2023. Anlegget blei reetablert og sett i permanent drift att i mai 2024. Stasjonen blei drifta provisorisk frå september 2023 til mai 2024. Overløpet blei avgrensa til eit minimum på ca. 1 måned.

Kapasitet

Alle anlegga er innanfor kapasiteten sin med dei tilkoplingane vi har i dag.


Lekkasje

Vi arbeider fortløpande med kartlegging, tilstandsregistrering og utbetring av innlekkasje av overvatn. Det totale energiforbruket på avløpsanlegga våre ligg på om lag same nivå som i 2023. Etter eit relativt fuktig år i 2024 skal vi ikkje vere misnøgde med det. Men det er meir å hente. Arbeidet må halde fram viss vi skal redusere energiforbruket enda meir og auke kapasiteten framover. Statsforvaltaren i Vestland stiller òg strenge krav til oss når det gjeld systematisk tilstandsregistrering og utbetring. Dette er noko vi rapporterer på kvart år.

Alle anlegga har levert reinseresultat godt innanfor løyvet.

Stig Hagenes,
fagsjef VA





TRAINEE

Mahamed lærer noko nytt kvar dag

Mahamed Abukar Siidi stortrivst som trainee i ØyVAR og lærer noko nytt kvar dag. No ser han føre seg ei framtid i vatn- og avløpsbransjen.

Det kjekkaste er å jobbe på laboratorium for analysar. Då undersøker vi om reinsinga er god nok til at det er trygt å sleppe vatnet ut i naturen, og vi får resultat av kor godt anlegget fungerer, fortel Mahamed (26), som har vore trainee på avløpsanlegg i ØyVAR sidan september.

Mahamed er utdanna bygningsingeniør med spesialisering i miljø, plan og infrastruktur frå Høgskulen på Vestlandet, og deltek i det toårige traineeprogrammet til Norsk Vann. Etter eitt år i ØyVAR skal han vere trainee i eitt år hos Bergen Vann.

I ØyVAR har han fått jobbe med heile prosessen – frå avløpsvatnet kjem inn til det blir sleppt ut i naturen. Han har mellom anna jobba med reinhald, kontroll av rister og pumper og vedlikehald av teknisk utstyr.

– Det er mykje meir komplekst enn folk trur. Kvar del av prosessen må fungere heilt nøyaktig. Eg har lært kor viktig vedlikehald og kontinuerleg overvaking er. Eg lærer noko nytt kvar dag.

Mahamed kan godt tenke seg å jobbe med vatn og avløp også etter traineeperioden, for han trivst i ei samfunnskritisk bransje full av spennande utfordringar og kjekke kollegaer.

– Her har eg utruleg gode kollegaer som tek godt vare på meg. Dei er gull verdt, avsluttar han.



// Eg har lært kor viktig vedlikehald og kontinuerleg overvaking er.

Mahamed Abukar Siidi, trainee







Renovasjon

ØyVAR har to gjenbruksstasjonar i Øygarden: i Skogsvåg og på Straume. Gjenbruksstasjonen på Straume blei stengd for oppgradering i 2023 og opnar igjen i 2025. I tillegg har vi eit betent miljøpunkt for farleg avfall på Tjeldstø som er ope éin dag i veka. Hytterrenovasjon er fordelt rundt om i heile kommunen og tek imot avfall frå dei om lag 3500 hyttene. Det er også returpunkt for innlevering av glas- og metallemballasje jamt fordelt i kommunen. Vi har i sesongen over 20 renovasjonstilsette som tek imot kundar på anlegga våre.



Kundebesøk
på gjenbruks-
stasjonane

2024/46 872

2023/56 617

2022/52 956

2021/50 918

Året 2024 er det første året vi har hatt ein nedgang i total avfallsmengde samanlikna med tidlegare år. Det er den totale mengda avfall vi tek imot på gjenbruksstasjonen, som har gått ned. Når det gjeld avfall som renovasjonsbilane samlar inn, har det vore ein marginal auke samanlikna med 2023.

Innbyggjarane har vore nøydde til å nytte gjenbruksstasjonen i Midtstegen, og tilbakemeldingane har vore positive frå dei som nyttar stasjonen. Nedgangen i besøk frå året før tyder likevel på at ikkje alle har nytta tilbodet. Med kveldsope fire dagar i veka har det vore god kapasitet til å ta imot både innbyggjarar og hyttefolk. Sjølvbetent gratis mottak for hageavfall har fungert godt, og statistikken syner at vi aldri før har teke imot så mange tonn hageavfall. Vi håper og trur at auken vil halde fram, og at vi får færre «villfyllingar» rundt om i kommunen.

Vi tok imot og behandla 36 tonn marint avfall frå lokale ryddeaksjonar. Brorparten av dette var frå strandrydding.



ØyVAR har eit godt samarbeid med Sotra vidaregåande skule. Vi tek inn elevar i arbeidspraksis. Nokre av desse får vidare engasjement som ringevikarar. I tillegg har vi samarbeid med Nav Øygarden, og i 2024 hadde vi éin person i arbeidspraksis. For ØyVAR er dette ei fin ordning både for å tilby arbeidstrening og for å rekruttere gode medarbeidarar til renovasjonsavdelinga.

Statistikken syner at vi aldri før har teke imot så mange tonn hageavfall.

	2020	2021	2022	2023	2024
Total mengde avfall, tonn	17 646	18 411	17 833	17 193	16 448
Farleg avfall, tonn	1 136	1 006	872	998	844
Restavfall	40 %	40 %	41 %	41 %	42 %
Kundebesøk	43 519	50 918	52 956	56 617	46 872





2024 er første året vi har hatt nedgang i total avfallsmengde samanlikna med tidlegare år.

Espen Elstad,
fagsjef renovasjon



Midtstegen
gjenbruksstasjon



RENOVASJON

Vellukka Rong-prosjekt viser veg for framtidens avfallsløysing

Pilotprosjektet med ny gebyrmodell på Rong har gitt overraskende gode resultat. Innbyggjarane sorterer langt meir matavfall – og kastar mindre restavfall.

Då ØyVAR starta prøveprosjektet med ny gebyrmodell på Rong, var målet å teste om økonomisk motivasjon kunne få fleire til å sortere betre. No er tala klare – og dei viser ei positiv utvikling. Frå januar til oktober i 2024 har hushalda på Rongøyna levert inn heile 45 prosent meir matavfall enn i same periode året før. Samtidig har mengda restavfall gått ned med over 4 500 kilo.

– Det er veldig gledeleg å sjå korleis innbyggjarane på Rong har teke tak i kjeldesorteringa. Desse resultatene viser at det verkeleg utgjer ein forskjell når folk får moglegheit til å påverke både miljøet og renovasjonsrekninga si, seier administrerende direktør i ØyVAR, Bjarne Ulvestad.

Betal for det du kastar

Modellen som er testa ut, går ut på at alle betaler eit grunngebyr, og så betaler kvar husstand berre for den mengda restavfall dei faktisk kastar. Alt anna avfall, som mat, plast, papir og glas- og metallemballasje, kan leverast utan ekstra kostnad. Restavfallet blir vege på renovasjonsbilen, slik at mengda blir registrert nøyaktig.

– Ved å gjere det lettare og rimelegare å sortere legg vi til rette for at folk skal kunne ta gode val i kvardagen. Det ser vi at dei gjer, seier Ulvestad.

Meir matavfall – mindre restavfall

Tala for dei ti første månadene av 2024 viser følgjande utvikling på Rong:

- Matavfall har auka frå 27 117 kg i 2023 til 39 274 kg i 2024.
- Restavfall har gått ned frå 85 021 kg til 80 449 kg.
- Totalt avfall har auka noko, frå 134 996 kg til 140 728 kg.
- Papp og papir har hatt ein liten nedgang, frå 22 828 kg til 21 005 kg.

– Auken i matavfall betyr at mykje av det som før gjekk i restavfallet, no blir sortert rett. Det viser ei endring i vanar – og det er akkurat det vi håpte at vi ville få til med denne modellen, seier Ulvestad.



Det er veldig gledeleg å sjå korleis innbyggjarane på Rong har teke tak i kjeldesorteringa.

Bjarne Ulvestad, adm. direktør



Vil inspirere heile Øygarden

Pilotprosjektet på Rong er det første i sitt slag i Øygarden, og blant dei første i landet. ØyVAR har følgd utviklinga tett sidan starten i januar 2024.

– Vi såg tidleg ein auke i matavfall, og trenden har halde fram. Vi ser at folk er interesserte i å bidra – og at det nyttar å premiere godt sorteringsarbeid, seier fagsjef for renovasjon i ØyVAR, Espen Elstad.

Noreg har eit nasjonalt mål om å halvere restavfallet innan 2030. For å få til det må både innbyggjarar og renovasjons-selskap tenkje nytt. No er målet å innføre ei liknande ordning i resten av kommunen på sikt.

– Vi håper å kunne tilby denne modellen til alle i Øygarden, men det føreset at dei positive resultata held fram. Rong viser veg – og vi ser lyst på fortsetjinga, seier Ulvestad.



Berekraft og miljøtiltak

ØyVAR er Miljøfyrtårn-sertifisert og jobbar kontinuerleg for meir berekraftig drift av tenestene våre.



Dei siste åra har vi sett i verk fleire Enova-støtta tiltak for å redusere straumforbruket vårt. I 2024 blei vi ferdige med etterisoleringa av kontorbygget i Lonavegen, og berre her reduserte vi straumforbruket vårt med 81 746 kWh. Straumforbruket i Lonavegen 20 gjekk dermed ned med 38 % frå 2023 til 2024.

Utsifting av kompressor på Kørelen VBA har gitt ein reduksjon på 50 410 kWh frå 2023 til 2024. Vi har gjennomført energieffektivisering på Fjæreide VBA ved å skifte ut gamle lysarmaturar og innføre betre styring av

oppvarming og ventilasjonsanlegg. Vi forventar at desse tiltaka på Fjæreide VBA til saman vil ha god effekt på straumforbruket. Kor stor innsparinga blir, vil vi først sjå i 2025.

Det er fleire bygningar som har solcellepanel, og til saman produserte desse anlegga 46 723 kWh i 2024. Dette svarer til 9 % av straumforbruket på Storanipa reinseanlegg.



Årsmelding og rekneskap 2024

Styrets årsmelding.....	36
Resultatrekneskap.....	45
Balanse	46
Kontantstraumoppstilling.....	48
Notar	49
Revisors beretning.....	60

Styrets årsmelding

Organisasjon

Verksemda

ØyVAR AS blei stifta i 2003 og driv verksemda si i Øygarden kommune. ØyVAR er eit heileigd kommunalt selskap, og det vedtektsfesta føremålet til selskapet er å stå for forvaltning, planlegging, utbygging og drift av vass- og avløpsanlegga i kommunen og anna verksemd knytt til desse områda. Selskapet skal vidare vere ansvarleg for innsamling og gjenvinning av avfall. Verksemda skal finansierast etter sjølvkostprinsippet.

I tillegg driv ØyVAR med ei mindre verksemd knytt til innsamling og handsaming av næringsavfall, i all hovudsak frå skular og barnehagar. Innsamling av avfall frå skular og barnehagar er i samsvar med forskrift definert som næring. Verksemd knytt til innsamling av kommunalt næringsavfall følgjer sjølvkostprinsippet, medan innsamling av næringsavfall følgjer vanlege marknadsmessige vilkår.

Eigar

ØyVAR AS er eigd av Øygarden kommune.

Arbeidsmiljøutval (AMU)

I 2024 består arbeidsmiljøutvalet av følgjande medlemmer:

- Frå leiinga: Bjarne Ulvestad, Hilde Vik Halleraker, Marianne Vindenes.
- Frå dei tilsette: Robert Kaupang Sæle, Lars Vassenden, Monica Falck.

Representant frå bedriftshelsetenesta (Medco dinHMS) møter i tillegg fast i utvalet.

Helse, miljø og tryggleik (HMT)

ØyVAR har eit velfungerande system for å vareta helse, miljø og tryggleik for dei tilsette. Alle avdelingar har eit sjølvstendig HMT-ansvar som står i forhold til drifta og aktiviteten ved avdelinga. Hendingar (avvik eller uønskte hendingar) blir melde i eit elektronisk system for behandling.

Selskapet har hatt eit langsiktig mål om at sjukefråværet skal vere under 5 %. Det totale sjukefråværet i 2024 var på 6,19 % (2023: 6,94 %), og av dette var korttidsfråværet på 3,65 % (2023: 2,15 %). Til samanlikning var sjukefråværet i 2024 på 6,8 % for alle sektorar (privat, statleg og kommunal).

Sjukefråvær er eit tema på alle møte i AMU, og vi har ikkje funne grunn til å tru at sjukefråværet er arbeidsrelatert. ØyVAR er ei IA-bedrift, med tett oppfølging av tilsette under sjukefråvær og iverksetjing av førebyggjande tiltak. Dette inneber mellom anna eit nært samarbeid med bedriftshelsetenesta vår, Medco dinHMS. Bedriftshelseordninga omfattar målretta arbeidsrelaterte helseundersøkingar og hjelp til vurdering av arbeidsmiljø og andre kartleggingar.

Det har ikkje vore personskade eller materielle skadar som har medført fråvær.

Klima og miljø

ØyVAR AS er ei miljøbedrift og har ansvar for å ta vare på det ytre miljøet knytt til vatn, avløp og renovasjon. Selskapet driv innanfor dei krava som myndighetene har sett, og overvaker og måler aktivitetar som kan påverke det ytre miljøet. Selskapet er såleis ein betydeleg bidragsytar til eit godt ytre miljø. ØyVAR fokuserer på reduksjon av energi- og vassforbruk, og det er styret si oppfatning at selskapet har oppnådd svært gode resultat, blant anna gjennom arbeid med lekkasjesøk og reparasjonar av lekkasjar på leidningsnettet.

Ein del av regnvatnet som kjem ned, finn vegen til avløpsnettet og sprengjer kapasiteten på leidningane. I periodar med mykje nedbør blir avløpsleidningane fylte opp, og det fører til at avløpsvatn går i overløp. Å gjennomføre tiltak som reduserer innleking av regnvatn til avløpsleidningane, er eit kontinuerleg arbeid, og mykje er gjort dei siste åra.

I tillegg er nokre av dei nye bygga våre utstyrte med solcellepanel. Desse har i 2024 produsert 46 723 kWt, noko som svarer til 9 % av straumforbruket på Storanipa reinseanlegg i 2024.

Selskapet er sertifisert som Miljøfyrtårn-bedrift, noko som vil seie at vi oppfyller strenge krav til kjeldesortering og har fokus på miljøvennleg drift av selskapet. Gjennom rapportering til Miljøfyrtårn og til bedreVANN, som er benchmarking for vassbransjen, får ØyVAR god oversikt over utsleppa sine og kan sjå kva område som har størst forbettringspotensial med tanke på klima og miljø.



ØyVAR legg til rette for ei effektiv og miljøvennleg kjelde-sortering i kommunen. Selskapet har eit omfattande samarbeid med andre organisasjonar og frivillige om innsamling av marint avfall. Det blir lagt ned mykje arbeid i å fjerne marint avfall frå sjønære område. ØyVAR har ei viktig rolle med koordinering, innsamling og behandling av dette avfallet.

Forsking og utvikling

Selskapet driv i liten grad med eige forskings- og utviklingsarbeid, men yter generell FoU-støtte gjennom medlemskap i Norsk Vann og Avfall Norge.

I 2024 har selskapet arbeidd med å ta i bruk UV-absorpsjonsmåling som eit verktøy for betre prosess-overvaking og kontroll av vassbehandlingsanlegg. Folkehelseinstituttet (FHI) har gitt tilskot som dekkjer ein tredel av prosjektkostnadene. Tilskotet kjem frå Program for teknologiutvikling i vassbransjen – ei støtteordning for kommunar som skal bidra til tryggare og større leveringssikkerheit for drikkevatn. ØyVAR vil halde fram med dette arbeidet og planlegg å søkje om tilskot til prosjekt i 2025.

Samfunn


Vårt system for etterleving av lover, forskrifter og interne krav er basert på førebygging, avdekking, rapportering og respons. Innsats mot korrupsjon og respekt for menneskerettar er ein integrert del av dei krava vi stiller til leverandørane våre. Noko av det vi gjer for å sikre ansvarleg åtferd, er å

- stille krav om at selskapa er à jour med skatt og mva.
- stille krav om at leverandørane våre er godkjende opplæringsbedrifter
- stille krav om internkontrollsystem og system for helse, miljø og tryggleik
- kontrollere at allmenngjord minsteløn for tilsette i bygg- og anleggssektoren blir følgd

Tilstand for kjønnslikestilling


KJØNNBALANSE

ALLE TILSETTE



KJØNNBALANSE

PER AVDELING



MELLOMBELS TILSETTE




FOREDREPERMISJON

GJENNOMSNITT
ANTALL VEKER



DELTID

FAST DELTID



LØNNSFORSKJELLAR 2024

Kvinner del av løna til menn er angitt i prosent.

Kjønnsfordeling		Kontantyttingar					Naturalytingar
Kvinner	Menn	Sum kontantyttingar	Avtalt løn / fastløn	Uregelmessige tillegg	Bonusar	Overtidsgodtgjersle	Sum skattepliktige naturalytingar
11	39	98 %	111 %	27 %	0 %	22 %	75 %

Bemanning, likestilling og diskriminering

Personale

Ved utgangen av året hadde selskapet 50 tilsette: 11 kvinner og 39 menn. Dette utgjorde 44,92 årsverk. Gjennomsnittleg tal årsverk gjennom rekneskapsåret var 47,79. Forskjellen kjem av at bemanninga naturleg er høgare i høgsesongen (vår/sommar), når selskapet har fleire tilsette på mellombelse kontraktar.

Pr. 31.12.2024 var gjennomsnittsalderen 46,8 år, mot 47,1 år i 2023. Selskapet har liten gjennomtrekk av tilsette. I ØyVAR skal alle ha like moglegheiter og rettar, uavhengig av alder, kjønn, etnisitet og andre personlege forhold. Det er eit mål å ha eit mangfaldig personale som speglar mangfaldet i kommunen. ØyVAR har eit utstrekt samarbeid med Nav og private arbeidsmarknadsaktørar for menneske som har behov for arbeidsrelatert tilrettelegging eller arbeidstrening. Vidare har selskapet eit samarbeid med Sotra vidaregåande skule om utplassering av elevar. I 2024 har det vore 12 elevar på utplassering i ØyVAR.

Kompetanseutvikling

ØyVAR er ei kompetansebedrift der rammevilkåra er i stadig endring. Det er derfor viktig at kompetansen i selskapet blir utvikla i takt med endringane. Som tidlegare år har tilsette også i 2024 gjennomført eksterne kurs for å møte utfordringar i dag og i framtida. ØyVAR vil halde fram med å oppmode dei tilsette til å ta fagbrev og leggje til rette for relevant kompetanseheving.

Status for kjønnslikestilling

I administrative stillingar var kvinne delen 67 % ved utgangen av 2024. I driftsavdelingane er kvinne delen 8,6 %. Delen av kvinner i leiarsstillingar utgjør 33 % og er uendra frå fjoråret. Kvinne delen i styret er 57 %.

Selskapet har totalt 4 tilsette i deltidsstillingar. Alle desse er menn. Selskapet har 1 tilsett på mellombels trainee-

kontrakt. Nokre av våre deltidstilsette og mellombels tilsette har signalisert gjennom medarbeidersamtalar at dei ønskjer meir arbeid.

I løpet av 2024 blei det teke ut 19 veker med foreldrepermisjon i ØyVAR: 19 veker for menn og 0 veker for kvinner.

Hos ØyVAR er vi opptekne av å gi lik løn for likeverdig arbeid, og selskapet har eit kjønnsnøytralt lønssystem. Ved rekruttering til styret, utlysing av ledige stillingar, fastsetjing av løn osv. legg selskapet vekt på likestilling og på at personar av begge kjønn skal handsamast så likt som råd er. ØyVAR er medlem av Samfunnsbedriftene og slutta til Hovedtariffavtalen for konkurranseutsatte bedrifter.

Ved fastsetjing av løn blir dei tilsette kategoriserte i anten gruppe 1 eller gruppe 2. Gruppe 1 følger tariff og avtalt lønstabell for fagarbeidarar eller ufaglærte. Det er 33 tilsette i denne gruppa ved utgangen av året. Gruppe 2 gjeld dei med akademisk utdanning frå universitet eller høgskule. I denne gruppa er det 17 tilsette. Løna blir fastsett på grunnlag av real- og formalkompetansen og ansvarsområdet til arbeidstakaren.

Lønsforskjellen mellom kvinner og menn er presentert på totalnivå i selskapet. Ei vidare gruppering vil ikkje oppfylle kravet om minst 5 av kvart kjønn i ei gruppe. På totalnivå ligg lønsnivået til kvinner 2 % lågare enn gjennomsnittsløna til menn i selskapet.

Uregelmessige tillegg er knytte til laurdagstillegg for helgearbeid på gjenbruksstasjonen og vakttillegg på VA. Det er inga bonusordning i ØyVAR. Gjennomsnittleg overtidsgodtgjersle for kvinner i 2024 var 5 217 kroner, medan menn i snitt hadde 21 189 kroner. Kvinnene sin del

utgjør dermed 25 % av overtidsgodtgjersla til menn. Den viktigaste årsaka til skilnaden er at kvinner i stor grad har administrative stillingar, der overtid i hovudsak blir godtgjort med 50 %. I driftsavdelingane, der menn er overrepresenterte, er overtid ofte knytt til ulempe og pålagt arbeid på natt og heilagdagar. Denne overtida blir godtgjort med 100 % eller 133 % overtidstillegg.

Vårt arbeid for likestilling og mot diskriminering

Prinsipp, prosedyrar og standardar for likestilling og mot diskriminering

- Omsynet til likestilling og ikkje-diskriminering er blant anna inkludert i ØyVAR sin personalpolitikk, der vi skal gi moglegheit for livslang læring og utvikling. Vi skal prøve å leggje arbeidsforholda til rette for at medarbeidarane, uansett fase i livet, skal ha moglegheit til å fungere godt i arbeidet sitt. Vi drøftar bruk av mellombels tilsette og ufrivillig deltid jamleg med dei tillitsvalde.
- Vi har interne rutinar for kva ein utlysingstekst skal innehalde, med særleg fokus på diskrimineringsomsyn og unntaksreglane om positiv særbehandling.
- Vi har utarbeidd ein prosedyre for handtering av mobbing, trakassering og konflikthar, med eit tilhøyrande varslingsystem.

Slik jobbar vi for å sikre likestilling og ikkje-diskriminering i praksis

Selskapet arbeider for å fremje likestilling, sikre like moglegheiter og rettar uavhengig av funksjonsevne og hindre diskriminering på grunn av etnisitet, nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn. Personal- og rekrutteringspolitikken til selskapet skal spegle dette føremålet, og vi skal i størst mogleg grad leggje til rette for det ved praktisk utforming av arbeidsstader. Likestillingsarbeidet blir drøfta jamleg med tillitsvalde. Vidare vil selskapet halde fram med å nytte medarbeidarundersøkingar for å kartleggje og setje i verk tiltak for å førebyggje diskriminering og fremje likestilling.

Medarbeidarundersøkingar tyder på at ØyVAR er eit selskap som i stor grad gir dei tilsette rom for å bestemme over arbeidsdagen sin. Dette – kombinert med fleksitid

for svært mange av dei tilsette – gjer det enklare for mange å kombinere arbeid og familieliv. I same kartlegging kjem det fram at dei tilsette i ØyVAR i svært liten grad opplever forskjellsbehandling.

ØyVAR som arbeidsplass er delvis tilrettelagd for personar med nedsett funksjonsevne. Selskapet set i verk individuelle tilretteleggingstiltak i samarbeid med dei tilsette og bedriftshelsetenesta når behovet oppstår. Vi har heis og automatiske dørøpnarar.

Openheitslova

ØyVAR AS fell inn under openheitslova og forankra 17. oktober 2022 arbeidet med aktsemdsvurderingar i styret. Rutine for handtering av krav om innsyn er også behandla i styret og er tilgjengeleg for alle tilsette i det interne kvalitetssystemet. På ØyVAR sine nettsider er dei etiske retningslinjene publiserte saman med informasjon om ØyVAR sitt arbeid med openheitslova og korleis ein kan kontakte selskapet dersom ein ønskjer innsyn i arbeidet.

Aktsemdsvurdering blei gjennomført i 2022 og viste generelt låg risiko, sidan ingen av leverandørane held til i høgrisikoland. Bransjen med høgast risiko er bygg- og anleggsbransjen. Derfor har ØyVAR si leverandørøppfølging fokusert på bygg- og anleggsbransjen. Dette arbeidet starta i 2023, og vi har halde fram med oppfølginga og kartlegginga i 2024. Basert på lokalkunnskap og dialog med samarbeidspartnarane våre har vi oppdatert aktsemdsvurderinga med nye risikoar knytte til bruk av overtid og HMT ved arbeid i avløpsanlegga våre.

Oppfølging av bruk av overtid

Vi har følgd opp utvalde tenesteleverandørar og bede om dokumentasjon på bruk av overtid. Alle selskapa som blei plukka ut til denne undersøkinga, har levert dokumentasjon på akseptabel bruk av overtid, og denne risikoen er derfor lukka i denne omgang.

Oppfølging av HMT i avløpsanlegg

Arbeid i avløpsanlegg medfører ein del risikomoment som mange av samarbeidspartnarane våre ikkje er klar over. Vi har derfor laga ei rettleiing til alle som skal jobbe i våre avløpsanlegg, både for at informasjon om risikomoment

skal vere lett tilgjengeleg for alle som skal gjere ein jobb for oss, og for at dei enkelte arbeidsgivarane lett skal sjå kva vi forventar av dei. Også i 2025 kjem vi til å følgje opp etterleving av HMT-krav knytte til bruk av gassmålar, andedragsvern og arbeidsklede.

Leverandøranalyse

Ettersom nye leverandørar blir tekne i bruk, blir desse fortløpande vurderte for krav om medlemskap i StartBANK. I StartBANK er det enkelt å følgje med på kredittvurdering og etterleving av HMT-regelverk. I tillegg gir løysinga ei oversikt over etterleving av openheitslova for dei selskapa som er omfatta av denne lova. Gjennom varsel frå StartBANK kan vi enkelt følgje opp dei selskapa som manglar dokumentasjon på etterleving av regelverk, og dette gjer vi fortløpande.

Risiko for brot på anstendige arbeidsvilkår?

Dersom du vil varsle om forhold som er relevante for ØyVAR sitt arbeid med openheitslova, kan du – som beskrive på oyvar.no – kontakte oss på openheitslova@oyvar.no.

Dersom det blir avdekt risiko for brot på anstendige arbeidsvilkår eller brot på menneskerettar generelt, vil selskapet prøve å stanse, førebyggje eller redusere negativ påverknad / skade og dessutan sørgje for eller samarbeide om gjenoppretting eller erstatning der det er påkravd.

Økonomi

Vesentlege hendingar og utviklingstrekk i 2024

Kommunedelplanen for vatn og avløp blei vedteken i slutten av 2023 og fungerer som eit sentralt styringsverktøy for å nå måla ØyVAR og kommunen har framover.

Det har vore stor aktivitet i selskapet gjennom året, og fleire store prosjekt er gjennomførte og under arbeid. Blant dei fullførte prosjekta er legging av ny vassleidning til Ekerhovd og etablering av sjøleidning frå Litla Ådnavika til Dala. Fasaden på administrasjonsbygget i Lonavegen har også blitt rehabilitert. I tillegg har vi gjennomført fleire mindre prosjekt, mellom anna etablering av ny pumpestasjon på Valen etter brannen i 2023.

Fleire sentrale prosjekt er i gang, mellom anna arbeid med leidningsnett i samband med Sotrasambandet, Øygardskabelen og Grønamyrsvegen. Bygginga av den nye gjenbruksstasjonen er også eit viktig pågåande tiltak.

For å sikre gjennomføringsevne og finansiering av desse tiltaka har ØyVAR i 2024 teke opp lån på 73,5 millionar kroner.

Investeringar

I løpet av 2024 er det gjennomført investeringar innan VAR-sektoren på 80 millionar kroner, mot 42 millionar kroner i 2023.

Stilling og resultat for selskapet

Selskapet hadde i 2024 samla driftsinntekter på 287 millionar kroner. Av dette utgjorde inntekter frå sal av drikkevatt, reinsing av avløpsvatn og avfallsbehandling 278,2 millionar kroner. 8,8 millionar kroner var andre inntekter, i all hovudsak inntekt frå gjenvinningsstasjonane og sal av avfall. Samanlikna med fjoråret auka dei totale inntektene med 17,5 millionar kroner.

Samla driftskostnader var på 234 millionar kroner. Av dette utgjorde avskrivning av driftsmiddel 51,2 millionar kroner. Rentekostnad på lån er 57,1 millionar kroner, mot 49,3 millionar kroner i 2023 og 26,2 millionar kroner i 2022. Auken i rentekostnad kjem i hovudsak av høgare rentenivå. ØyVAR har ein gjeldsgrad på 92,2 %, og selskapet er dermed sensitivt for renteendringar i marknaden. Dette medverka til at året blei gjort opp med eit underskot på 1 504 428 kroner før skatt.

Netto kontantstraum frå drifta utgjorde 30 millionar kroner i 2024, mot 67 millionar kroner i 2023. Pr. 31.12.2024 har selskapet ein total kapital på 1 284 millionar kroner, og av dette er 53 millionar kroner kortsiktig gjeld. Selskapet har pr. 31.12 ein eigenkapitalandel på 7,8 % og ein positiv arbeidskapital på 37 millionar kroner.

Selskapet har opparbeidd seg overskotsfond for sjølvkostområdet avløp. Dette skal etter sjølvkostprinsippet redusere dei nærmaste åra og er å rekne som abonnentane sine midlar. På sjølvkostområda vatn, slam og renovasjon er det negative sjølvkostfond. Underskota på vatn og slam stammar frå 2023 og 2024, medan underskotet for renovasjon stammar frå 2021 og 2023. Underskota er å rekne som

fordring på abonnentane. Negative fond skal etter sjølvkostprinsippet framførast i sjølvkostrekneskapen til inndekking eit seinare år.

Utover dette er styret ikkje kjent med at det etter utgangen av rekneskapsåret har skjedd ting som er viktige for vurderinga av resultatet eller stillinga til selskapet.

ØyVAR styrer etter verdiane «ansvarleg – imøtekommande – modig» for å skape dei beste løysingane for innbyggjarane og lokalmiljøet. Styret er tilfreds med at ØyVAR har teke gode og innovative investeringsval i staden for å velje tradisjonelle løysingar. Dette har bidrege til lågare gebyr for innbyggjarane i Øygarden kommune. Ved etablering av Storanipa avløpsreinseanlegg blei både investeringskostnadene og driftskostnadene lågare enn det som blei lagt til grunn i Saneringsplan avløp for Litle Sotra, Kolltveit og Bildøyna, hovudrapport for avløpsreinseanlegg i fjell. Eit estimat tilseier at vi har redusert kostnadene med mellom 10 og 15 millionar kroner kvart år i levetida til anlegget, som følgje av framsynte og berekraftige val. Anlegget er vurdert å ha ei levetid på 40 år. Styret ser i ettertid at gebyra er betydeleg lågare enn det ein såg for seg, takk vere dei gode vala som blei tekne.

Etter styret si oppfatning gir den framlagde rekneskapen eit rett inntrykk av selskapet si stilling og resultatet for verksemda.

Det er teikna ansvarsforsikring for styremedlemmer og leiarar.

Finans-, marknads-, kreditt- og likviditetsrisiko

ØyVAR hadde ved årsskiftet langsiktige lån på om lag 1 125 millionar kroner. Gjelda kjem av store investeringar i infrastruktur. Dette inneber at selskapet må vere bevisst på finansiell risiko, særleg knytt til utviklinga i rentenivået.

Hovuddelen av låna har flytande rente basert på tre månaders Nibor med eit påslag. Selskapet har i liten grad rentesikra låna, og pr. 31.12.24 er det berre i underkant av 5 % av lånegjelda som er sikra med fastrente gjennom eldre avtarar, med restvarigheit på mellom 1 og 7 år. Dette medfører at ØyVAR er eksponert for svingingar i marknadsrenta, og at ei vedvarande høg rente kan få innverknad på dei samla finansielle kostnadene i åra framover. Styret har lagt vekt på å avgrense risiko og vurderer løpande

behovet for ytterlegare rentesikring med spreing i forfall og sikring innanfor ulike tidsintervall.

Sjølv om ØyVAR har renteesponering, blir ikkje selskapet generelt rekna for å ha stor kreditt-, likviditets- eller marknadsrisiko. Dette kjem av at låna blir tekne opp med kommunal garanti, noko som gjer det uproblematisk å skaffe finansiering for utbyggingsprosjekt. Den viktigaste utfordringa ligg i å fastsetje gebyr som sikrar ei rimeleg førehandsinnkrevjing, men som er innanfor regelverket. Eventuelle overskot kan førast vidare i inntil fem år.

Renteutviklinga i marknaden er vanskeleg å føresjå i budsjettprosessen, noko som inneber risiko for avvik mellom kalkylerente og faktiske rentekostnader. For ØyVAR som sjølvkostbedrift blir det nytta ei kalkylerente som belastar gebyrgrunnlaget, og denne byggjer på fem års swaprente med eit tillegg på 0,5 prosentpoeng. Kalkylerenta er eit normert utrekningsgrunnlag og kan derfor vere både høgare og lågare enn dei faktiske rentene på lånegjelda.

I 2024 var kalkylerenta lågare enn den faktiske rentekostnaden, noko som førte til ein netto rentekostnad etter sjølvkost på 50,1 millionar kroner, samanlikna med netto rekneskapsrente på 54,6 millionar kroner. Denne differansen på 4,6 millionar kroner reduserte eigenkapitalen i 2024. Tidlegare år har derimot renteavviket ført til oppbygging av eigenkapital som kjem til nytte i dei åra der lånerenta overstig kalkylerenta.

Likviditeten i selskapet er god. Ved utgangen av 2024 hadde selskapet 77,6 millionar kroner i bank, noko som sikrar tilstrekkeleg handlingsrom i starten av 2025.

ØyVAR har over lang tid hatt eit bevisst forhold til berekraft når det gjeld både drift og investeringar. Investerings tiltak som primært har til føremål å redusere klimagassutslepp eller energiforbruk, kan kvalifisere til grøne lån, noko som gir betre lånevilkår. Totalt er 402,8 millionar kroner godkjende som grøne lån, med ei restgjeld på 351,2 millionar kroner pr. 31.12.2024. Dette utgjer 31,21 % av samla lånegjeld.

Vidare drift

Årsrekneskapen for 2024 er sett opp under føresetnad av at drifta skal halde fram. I samsvar med rekneskapslova

§ 4-5 blir det stadfesta at føresetnaden for vidare drift er til stades. Til grunn for vurderinga ligg årsrekneskapen for 2024.

Økonomisk resultat og styret sitt framlegg til disponering

Selskapet sitt økonomiske resultat etter skatt for 2024 blei eit underskot på 1 504 428 kroner. ØyVAR har vedtektsfesta at det ikkje skal betalast utbytte til aksjonæren.

Styret vil gjere framlegg om at underskotet i 2024 blir ført mot sjølvkostfond og eigenkapital.

Den opptente eigenkapitalen viser etter dette eit akkumulert overskot på 48 849 892 kroner. Netto bokført eigenkapital er på 99 559 543 kroner pr. 31.12.2024.

Vegen vidare

Gebyra er svært sensitive for endringar i renta, og ein renteauke på 1 prosent fører til ein auke på om lag 5-6 % i gebyra for vatn og avløp. Ved fastsetjing av gebyra for 2025 blei det nytta ei kalkylerente på 3,72 %. Rentebanen har ikkje utvikla seg som venta, og forventningane til kalkylerenta for 2025 er no 4,52 %.

Den bokførte verdien av selskapet sine varige driftsmiddel pr. 31.12.2025 var 1183 millionar kroner. EU vedtok hausten 2024 eit nytt avløpsdirektiv, som etter planen skal bli ein del av norsk lov innan 2027. Dette direktivet kan føre til

store investeringar i nye avløpsreinseanlegg og leidningar. Akkurat no er det uklart korleis regelverket vil bli i Noreg, og kva konsekvensar det vil få for Øygarden kommune. Fleire store investeringar står for tur, mellom anna ny gjenbruksstasjon på Straume og investeringar innan vatn og avløp. Desse investeringane vil gradvis føre til auka lånegjeld i åra som kjem.

Overgangen til sirkulærøkonomi vil tvinge fram ei meir omfattande innsamling og slutthandsaming av avfall. Dette vil på sikt føre til auka gebyr på dette området.

Innan vassforsyninga vil arbeidet med å knyte saman heile kommunen i eitt system halde fram. Dette er ei prioritert oppgåve for å sikre god leveringssikkerheit i vassforsyninga i framtida.

Takk til dei tilsette

Styret ønskjer å rette ein stor takk til alle tilsette for den viktige innsatsen deira gjennom året. Arbeidet deira er heilt avgjerande for at ØyVAR skal kunne levere pålitelege og trygge VAR-tenester til innbyggjarane i kommunen.

For å drive ØyVAR framover som samfunnsaktør og miljøbedrift er vi avhengige av engasjerte og dyktige medarbeidarar som evnar å tilpasse seg endringar og møte framtidas utfordringar. Det viktige arbeidet deira er grunnlaget for at vi kan nå måla våre og bidra til berekraftige løysingar for samfunnet.

Styret i ØyVAR AS
Straume, 28. april 2025

Per Rune Eikeseth
Styreleiar

Åse Gunn Husebø
Nestleiar

Liv Trellevik
Styremedlem

Hogne Hole
Styremedlem

Cathrine Østervold
Styremedlem

Kjell Arne Skålevik
Styremedlem

Kristin Brennhaug
Styremedlem

Bjarne Ulvestad
Adm. direktør



Resultatrekneskap

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Note	2024	2023
Kommunale årsgebyr og tilknytningsgebyr		278 226 683	260 268 843
Andre driftsinntekter		8 821 488	9 232 642
Sum driftsinntekter	1	287 048 171	269 501 485
Varekostnad		57 690 925	54 786 061
Lønskostnad	2, 3	44 864 092	44 802 899
Avskrivning	4	51 181 572	49 249 917
Nedskrivning av driftsmiddel og immaterielle eignelutar	4	0	1 036 433
Andre driftskostnader	1, 2	80 322 357	73 419 960
Sum driftskostnader		234 058 945	223 295 270
Driftsresultat		52 989 226	46 206 215
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Andre renteinntekter		2 752 629	4 011 787
Andre finansinntekter		4 782	5 098
Andre rentekostnader		57 115 396	49 277 910
Andre finanskostnader		2 159	138
Resultat av finanspostar		-54 360 144	-45 261 163
Resultat før skattekostnad		-1 370 918	945 052
Skattekostnad på resultat	5	133 510	67 267
Årsresultat		-1 504 428	877 785
OVERFØRINGAR OG DISPONERINGAR			
Overføring til/frå annan eigenkapital	6, 7	-716 109	4 842 597
Overføring til (frå) annan eigenkapital renovasjon næring	6	675 287	331 429
Sjølvkostresultat overført til/frå sjølvkostfond	7	-1 463 606	-4 296 241
Sum overføringer		-1 504 428	877 785

Balanse

Anleggsmiddel	Note	2024	2023
IMMATERIELLE EIGNELUTAR			
Heimeside	4	0	9 436
Sum immaterielle eignelutar		0	9 436
VARIGE DRIFTSMIDDEL			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	4, 8	22 049 406	22 045 842
Anlegg i drift	4	1 113 071 464	1 076 134 684
Driftslausøyre, inventar, verktoy, kontormaskiner o.l.	4	8 465 928	10 343 124
Anlegg under utbygging	4	39 887 951	46 158 780
Sum varige driftsmiddel		1 183 474 749	1 154 682 431
FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL			
Innskot i KLP	3	1 102 253	970 195
Sjølvkostfond	7	8 991 442	10 889 619
Sum finansielle anleggsmiddel		10 093 695	11 859 814
Sum anleggsmiddel		1 193 568 444	1 166 551 681
Omløpsmiddel			
Varer		287 049	221 238
Sum varer		287 049	221 238
FORDRINGAR			
Kundefordringar	1, 9	7 402 456	5 530 711
Forskotsbetalte kostnader og andre fordringar		4 946 006	3 510 393
Sum fordringar	8	12 348 462	9 041 104
Bankinnskot, kontantar og liknande	10	77 652 288	97 001 598
Sum omløpsmiddel		90 287 799	106 263 940
Sum eignelutar		1 283 856 242	1 272 815 621

Eigenkapital

Note

2024**2023****INNSKOTEN EIGENKAPITAL**

Aksjekapital	6, 11	10 000 000	10 000 000
Overkurs	6	25 000 000	25 000 000
Annan innskoten eigenkapital	6	15 709 651	15 709 651
Sum innskoten eigenkapital		50 709 651	50 709 651

OPPTENT EIGENKAPITAL

Annan eigenkapital	6	48 849 892	48 890 714
Sum opptent eigenkapital		48 849 892	48 890 714
Sum eigenkapital		99 559 543	99 600 365

Gjeld**AVSETJING FOR FORPLIKTNINGAR**

Pensjonsforplikting	3	2 446 092	5 381 223
Sjølvkostfond	7	3 721 308	7 083 091
Sum avsetjing for forpliktingar		6 167 400	12 464 314

ANNA LANGSIKTIG GJELD

Gjeld til kredittinstitusjonar	8	1 125 244 978	1 094 722 246
Sum anna langsiktig gjeld		1 125 244 978	1 094 722 246


KORTSIKTIG GJELD

Leverandørgjeld	1	24 224 693	27 442 500
Skatt til betaling	5	133 510	67 267
Skuldig offentlege avgifter		5 958 084	8 578 387
Anna kortsiktig gjeld	1, 12	22 568 034	29 940 542
Sum kortsiktig gjeld		52 884 321	66 028 696

Sum gjeld		1 184 296 699	1 173 215 256
------------------	--	----------------------	----------------------

Sum eigenkapital og gjeld		1 283 856 242	1 272 815 621
----------------------------------	--	----------------------	----------------------

Styret i ØyVAR AS
Straume, 28. april 2025



Per Rune Eikeseth
Styreleiar



Åse Gunn Husebø
Nestleiar



Liv Trellevik
Styremedlem




Hogne Hole
Styremedlem



Cathrine Østervold
Styremedlem



Kjell Arne Skålevik
Styremedlem



Kristin Brennhau
Styremedlem



Bjarne Ulvestad
Adm. direktør

Kontantstraumoppstilling

KONTANTSTRAUM FRÅ DRIFTA

	Note	2024	2023
Resultat før skattekostnad		-1 370 918	945 052
Betalt skatt i perioden	5	-67 267	-137 963
Ordinære avskrivningar	4	51 181 572	49 249 917
Nedskrivning anleggsmidler	4	0	1 036 433
Endring i varer		-65 811	818 876
Endring i kundefordringer		-1 871 745	-1 085 425
Endring i leverandørgjeld		-3 217 807	4 690 761
Forskjell i pensjonsmidlar/-forpliktingar	3	-2 935 131	-3 114 728
Endring i andre tidsavgrensingspostar		-11 428 424	14 471 620
Netto kontantstraum frå drifta		30 224 469	66 874 543

KONTANTSTRAUM FRÅ INVESTERINGSAKTIVITETAR

Utbetalinger ved kjøp av varige driftsmiddel	4	-80 096 511	-42 001 820
Utbetalinger ved kjøp av aksjar og partar		0	-102 990
Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar		-80 096 511	-42 104 810

KONTANTSTRAUM FRÅ FINANSIERINGSAKTIVITETAR

Innbetalinger ved opptak av ny langsiktig gjeld	8	73 500 000	49 000 000
Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld	8	-42 977 268	-42 328 260
Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar		30 522 732	6 671 740

Netto endring i likvidar i året		-19 349 310	31 441 473
Kontantar og bankinnskot pr. 01.01.		97 001 598	65 560 125
Kontantar og bankinnskot pr. 31.12.		77 652 288	97 001 598

Notar til rekneskapen

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk. Årsrekneskapen er sett opp under føresetnad om at drifta skal halde fram. I samsvar med rekneskapslova § 4-5 blir det stadfesta at føresetnaden for vidare drift er til stades.

SJØLVKOSTFOND

ØyVAR AS har ikkje som føremål å skaffe aksjonæren økonomisk utbytte. Selskapet har derfor valt å synleggjere opptente midlar knytte til sjølvkostverksemda som eit sjølvkostfond, sidan dette er forskotsbetalingar frå kundane. For lite innbetalt frå kundane synleggjerast som ein fordring.

SALSINNTEKTER

Frå 1. oktober 2014 overtok ØyVAR AS ansvaret for utfakturering av dei kommunale vass-, avløps- og renovasjonsgebyra. Årsgebyr blir rekna inn over abonnementsperioden. Kundar som nyttar vassmålar, blir fakturerte a konto seks gonger, med endeleg avrekning på slutten av året etter faktisk forbruk. Tilknytingsgebyr blir inntektsførte i det året tilknytninga skjer. ØyVAR AS har sikra sine krav gjennom legalpant i dei respektive eigedomane.

Sal av andre varer blir inntektsført på leveringstidpunktet. Tenester blir inntektsførte etter kvart som dei blir utførte.

HOVUDREGEL FOR VURDERING OG KLASSIFISERING AV EIGNELUTAR OG GJELD

Eignelutar som er bestemte til varig eige eller bruk i verksemda, er klassifiserte som anleggsmiddel. Andre eignelutar er klassifiserte som omløpsmiddel. Fordringar som skal betalast tilbake innan eitt år, er klassifiserte som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagde til grunn.

Anleggsmiddel blir vurderte til kost, men nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet er venta å ikkje vere forbigåande. Langsiktige lån blir balanseførte til nominelt motteke beløp på etableringstidpunktet.

Omløpsmiddel blir vurderte til den lågaste verdien av kost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld blir balanseført som nominelt motteke beløp på etableringstidpunktet.

FORDRINGAR

Kundekrav og andre krav er oppførte i balansen til pålydande etter frådrag for avsetjing til forventa tap. Avsetjing til tap blir gjort på grunnlag av en bloc-avsetjing på 2 % av fordringsmassen. Spesifikke fordringar blir nedskrivne når leiinga meiner at dei ikkje kan drivast inn heilt eller delvis.

VAREBEHALDNING

Lager av innkjøpte varer er verdsett til den lågaste verdien av anskaffingskost og verkeleg verdi. Anskaffingskost blir vurdert etter FIFO-prinsippet.

VARIGE DRIFTSMIDDEL

Varige driftsmiddel blir balanseførte og avskrivne over driftsmiddelet si økonomiske levetid dersom levetida er over 3 år. Vedlikehald av driftsmiddel blir kostnadsført etter kvart som det blir utført, medan påkostnad eller forbetring blir lagt til kostprisen på driftsmiddelet og avskriven over resterande økonomisk levetid. Utgifter til forskning og utvikling blir resultatførte når dei oppstår. Avskrivningar følgjer ein lineær avskrivningsplan.

Leide (leasede) driftsmiddel blir balanseført som driftsmiddel hvis leigekontrakten anses som finansiell. Utgifter til leige av øvrige driftsmiddel kostnadsføres som operasjonell. Forskuddsbetalningar blir balanseført som forskotsbetalt kostnad, og fordelast over leigeperioden.

PENSJONAR

Verksemda har kollektiv (felles) pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse (KLP) for dei tilsette. I samband med fusjonen med Sund VA har selskapet også overtatt pensjonsordninga i Nordea for eit fåtall tilsette. Ordninga i KLP inkluderer også tariffesta AFP-ordning frå fylte 62 år. Ordningane er ytingsplanar, dvs. at selskapet har det økonomiske ansvaret for at dei tilsette får dei avtalte ytingane. Dei tilsette betaler premie tilsvarande 2 % av løna, og selskapet betaler resten av premien. Dei ytingsbaserte pensjonsordningane blir vurderte til noverdien av dei framtidige pensjonsytingane som er rekneskapsmessig opptente på balansedagen. Pensjonsmidlar blir vurderte til verkeleg verdi.

Endringar i ytingsbaserte pensjonsforpliktingar som skuldast endringar i pensjonsplanar, blir fordelte over antatt gjennomsnittleg resterande oppteningstid.

Akkumulert verknad av estimatendringar og endringar i finansielle og aktuarielle føresetnader (aktuarielle vinstar og tap) under 10 % av det som er størst av pensjonsforpliktingane og pensjonsmidlane ved starten på året, blir ikkje rekna inn. Når den akkumulerte verknaden er over 10 %-grensa ved starten på året, blir det overskytande resultatført over antatt gjennomsnittleg resterande oppteningstid.

Periodens netto pensjonskostnad blir klassifisert som løns- og personalkostnader.

SKATT

ØyVAR AS har ikkje som føremål å skaffe aksjonæren økonomisk utbytte. Eit eventuelt overskot i verksemda skal berre nyttast til å realisere selskapet sitt ideelle føremål. På bakgrunn av dette har Skatt Vest etter ei samla vurdering kome til at selskapet ikkje har erverv til formål med noverande verksemd, og at det derfor skal fritakast for formues- og inntektsskatt.

Etter lovendring av 01.07.2004 skjer handtering av avfall frå bedriftskundar i fri konkurranse med andre aktørar.

ØyVAR AS er ikkje lovpålagt å gje eit renovasjonstilbod til slike kundar, og lova krev ikkje at denne tenesta skal drivast etter sjølvkostprinsippet. Likningskontoret har bede om at det blir levert skattemelding for denne delen av verksemda. ØyVAR AS betaler derfor skatt berre av netto inntekter relatert til handtering av avfall frå bedriftskundar. Skattepliktig resultat avvik dermed frå det ordinære resultatet til heile selskapet.

VALUTA

Transaksjonar i utenlandsk valuta blir omregnet til kursen på transaksjonstidspunktet. Pengepostar i utenlandsk valuta blir omregnet til norske kroner ved å nytte kursen på balansedagen. Ikkje-pengepostar som målast til historisk kurs uttrykt i utenlandsk valuta, blir omregnet til norske kroner ved å nytte valutakursen på transaksjonstidspunktet. Ikkje-pengepostar som blir målet til virkeleg verdi uttrykt i utenlandsk valuta, blir omregnet til valutakursen fastsatt på måletidspunktet. Valutakursendringar resultatførast løpande i rekneskapsperioden under andre finanspostar.

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Kontantstraumoppstillinga er utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar.

NOTE 1 Mellomvære og transaksjonar med nærstående partar

ØYGARDEN KOMMUNE	2024	2023
Kundefordringar	1 276 849	218 811
Leverandørgjeld	0	614 313
Anna kortsiktig gjeld	62 331	376 722
Tenestekjøp (uten mva)	1 099 777	3 273 248
Tenestetal (uten mva)	11 233 266	12 461 714

NOTE 2 Løn, godtgjersle, lån til tilsette m.m.**LØNSKOSTNADER**

	2024	2023
Løn	34 031 694	32 477 679
Arbeidsgivaravgift	6 495 066	6 348 609
Pensjonskostnader ekskl. arbeidsgivaravgift og adm.	3 590 904	5 246 621
Andre ytingar	746 428	729 989
Sum	44 864 092	44 802 899
Gjennomsnittleg tal årsverk sysselsett i rekneskapsåret	48	49

Det er ikkje gitt lån eller sikkerheitsstillingar til fordel for medlemmar av styret eller til anna administrasjon-, ledelses- eller kontrollorgan.

YTINGAR TIL LEIANDE PERSONAR

	Dagleg leiar	Styret
Løn	1 545 490	0
Pensjonsutgifter	336 880	0
Styrehonorar	0	538 300
Anna godtgjerelse	9 253	0
Sum	1 891 623	538 300

REVISOR

Kostnadsført honorar til revisor for 2024 utgjør kr 303 048,- eksl. mva.

	2024
Lovpålagt revisjon	206 348
Andre revisjonsrelaterte tenester	25 275
Teknisk utarbeiding av rekneskap og likning	71 425
Sum	303 048

NOTE 3 Pensjonar

Verksemda pliktar å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Selskapets pensjonsordningar tilfredsstiller krava i denne lova. Verksemda har pensjonsordningar som omfattar alle selskapets tilsette. Pr. 31.12.2024 omfattar pensjonsordninga 54 aktive tilsette, inkludert vikarar og deltidstilsette, 20 pensjonar og 43 med oppsette rettar. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingane frå folketrygda. Forpliktinga er i hovudsak dekkja gjennom Kommunal Landspensjonskasse (KLP), men i samband med fusjonen med Sund VA har verksemda overtatt ordninga i Nordea som gjeld for eit fåtall ansatte.

Regelverksendringar i offentlig tenestepensjon

Ny livsvarig avtalefesta pensjon (AFP) i offentlig sektor blei sanksjonert i lov om statens pensjonskasse i statsråd 12. april 2024. Dette medførte ei endring av pensjonsplanen til dei tilsette. Regelverk for fordeling av finansieringa er ikkje klart. Før eit nytt avtaleverk er på plass, blir det sett på som vanskeleg å måle effekten av planendringa påliteleg, og rekneskapsføringa av planendringa blir utsett frem til avtaleverk knytt til fordeling av finansiering er fastsett. Berekninga for 2024 er derfor basert på gammalt regelverk. Planendringa vil medføre vesentleg auke i pensjonsforpliktingar og pensjonskostnader frå det tidspunktet den tas inn i rekneskapen. For den årlege premien vil effekten av ny AFP gi auke i premien over tid.

Kommunal Landspensjonskasse (KLP)

	2024	2023
Noverdi av årets pensjonsopptening	6 383 563	5 837 096
Rentekostnad av pensjonsforpliktinga	2 487 533	1 844 796
Avkasting på pensjonsmidlane	-3 494 851	-2 680 018
Administrasjonskostnader	223 472	180 993
Arbeidsgivaravgift	789 560	730 784
Netto pensjonskostnad	6 389 277	5 913 651
Opptente pensjonsforpliktingar	73 463 728	74 428 411
Pensjonsmidlar (til marknadsverdi)	71 384 181	62 628 218
Arbeidsgivaravgift	293 216	1 663 827
Ikkje-resultatført verknad av estimatavvik	1 281 666	-7 086 688
Netto pensjonsforplikting	3 654 429	6 377 332

ØKONOMISKE FØRESETNADAR

Diskonteringsrente	3,90 %	3,10 %
Forventa lønsvekst	4,00 %	3,50 %
Forventa G-regulering	3,75 %	3,25 %
Forventa pensjonsregulering	3,00 %	2,80 %
Forventa avkasting	5,90 %	5,30 %

EIGENKAPITALTILSKOT I KLP

	Sum
Bokført innskot 31.12.2023	970 195
Eigenkapitalinnskot 2024	132 058
Bokført innskot 31.12.2024	1 102 253

Nordea

	2024	2023
Noverdi av årets pensjonsopptening	367 036	336 117
Rentekostnad av pensjonsforpliktinga	276 506	238 795
Avkasting på pensjonsmidlane	-518 770	-476 507
Administrasjonskostnader	195 000	182 000
Arbeidsgivaravgift	75 012	160 219
Resultatført estimatavvik	0	0
Netto pensjonskostnad	394 784	440 623
Opptente pensjonsforpliktingar	3 497 577	8 949 950
Pensjonsmidlar (til marknadsverdi)	5 400 000	9 650 000
Arbeidsgivaravgift	0	0
Ikkje-resultatført verknad av estimatavvik	694 086	-296 059
Netto pensjonsforplikting	-1 208 337	-996 109

ØKONOMISKE FØRESETNADAR

Diskonteringsrente	3,90 %	3,10 %
Forventa lønsvekst	4,00 %	3,50 %
Forventa G-regulering	3,75 %	3,25 %
Forventa pensjonsregulering	2,40 %	1,80 %
Forventa avkasting	5,30 %	5,30 %

Dei aktuariemessige føresetnadene er baserte på vanlege nytta føresetnader innan forsikring når det gjeld demografiske faktorar.

NOTE 4 Varige driftsmiddel og immaterielle eignelutar**VARIGE DRIFTSMIDDEL**

	Tomter, bygningar og annan fast eigedom	Anlegg i drift	Anlegg under utbygging	Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontor- maskiner o.l.	Sum
Anskaffingskost 01.01.	22 994 453	1 445 406 261	46 158 780	36 600 631	1 551 160 125
Tilgang i året	310 696	0	78 077 893	1 575 864	79 964 453
Overføring	0	84 348 722	-84 348 722	0	0
Avgang i året	0	0	0	0	0
Anskaffingskost 31.12.	23 305 149	1 529 754 983	39 887 951	38 176 495	1 631 124 578
Akk. av- og nedskrivning 31.12.	-1 255 743	-416 683 519	0	-29 710 568	-447 649 830
Bokført verdi 31.12.2024	22 049 406	1 113 071 464	39 887 951	8 465 928	1 183 474 749
Bokført verdi 01.01.2024	22 045 842	1 076 134 684	46 158 780	10 343 124	1 154 682 431
Årets avskrivning	307 132	47 411 942		3 453 061	51 172 135
Årets nedskrivning		0			0
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær		Lineær	
Økonomisk levetid	10 år*	20–40 år		3–5 år	

*) Tomter er bokført til kr 19 471 260 og vert ikkje avskrevne.

IMMATERIELLE EIGNELUTAR

	Heimeside	Sum
Anskaffingskost 01.01.2024	49 505	49 505
Anskaffingskost 31.12.2024	49 505	49 505
Akk. av- og nedskrivning 31.12.	-49 505	-49 505
Bokført verdi 31.12.2024	0	0
Årets avskrivning, nedskrivning og reversering	9 436	

Avskrivningsplan: Lineær
Økonomisk levetid: 10 år*

NOTE 5 Skatt

Verksemda har i hovudsak skattefritak (sjå rekneskapsprinsipp om skatt i note 1). Skattepliktig resultat er berre resultat for den skattepliktige delen av verksemda. Det er derfor ikkje direkte samsvar mellom ordinært resultat i rekneskapen og i skattenoten.

ÅRETS SKATTEKOSTNAD

	2024	2023
Skatt til betaling	133 510	67 267
Årets totale skattekostnad	133 510	67 267

BEREKNING AV ÅRETS SKATTEGRUNNLAG

Ordinært resultat før skattekostnad	808 796	398 696
Permanente forskjellar	-100 463	88 867
Endring i mellombelse forskjellar	-101 470	-181 806
Årets skattegrunnlag	606 863	305 757
Skatt til betaling (22 %) av årets skattegrunnlag	133 510	67 267
Sum skatt til betaling	133 510	67 267

OVERSIKT OVER MELLOMBELSE FORSKJELLAR

Netto pensjonsforplikting ført i balansen	0	-101 470
Netto mellombelse forskjellar pr. 31.12.	0	-101 4706
Utsett skattefordel, 22 %	0	-22 323

Utsett skattefordel er ikkje balanseført.

NOTE 6 Eigenkapital

	Aksjekapital	Overkurs	Annan innskoten eigenkapital	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital pr. 01.01.	10 000 000	25 000 000	15 709 651	48 890 714	99 600 365
Årsresultat renovasjon næring	0	0	0	675 287	675 287
Årsresultat annan næring	0	0	0	-716 109	-716 109
Eigenkapital pr. 31.12.	10 000 000	25 000 000	15 709 651	48 849 892	99 559 543

NOTE 7 Sjølvkostrekneskap

ØyVAR AS fører sin selskapsrekneskap etter lov om årsregnskap m.v. Grunnlaget for sjølvkostkalkylane til ØyVAR AS vil vere rekneskapsførte inntekter og kostnader ifølgje reglane i rekneskapslova. Etterkalkylen er basert på eit samandrag av rekneskapsuttrekk frå selskapsrekneskapen. Kalkylen inkluderer også eventuelle forskjellar i periodisering og årets finansielle resultat. Men forskjellar skal tilbakeførast over fem år. ØyVAR AS forventar at avløpsfondet blir redusert dei komande åra, då det er planlagt større vedlikehald og investeringar knytte til avløpsavdelinga.

Selskapet nyttar kalkylerenter i 2024. Bruk av kalkylerenter i staden for faktisk rente kan skape problem, fordi det over tid blir ulik rente mellom sjølvkostrekneskapen og rekneskapen ifølgje reglane i rekneskapslova.

KVA ER SJØLVKOST:

Sjølvkost inneberer at kommunens kostnader med å yte tenestene skal dekkes av gebyr som brukarane av tenestene betaler. Kommunen har ikkje anledning til å tene pengar på tenestene. For å kontrollere at dette ikkje skjer må kommunen, etter kvart rekneskapsår, utarbeide ein sjølvkostkalkyle som viser sjølvkostregnskapet for det enkelte gebyrområdet. Elementa i ein sjølvkostkalkyle avviker frå kommunens ordinære driftsregnskap og vil ikkje vere direkte samanliknbare.

KALKULATORISKE KAPITALKOSTNADER:

Ved berekning av kalkulatoriske kapitalkostnader (avskrivningar og renter) skal framandfinansiering trekkast ut av berekningsgrunnlaget. Kalkulatorisk rentekostnad inngår ikkje i ØyVARs driftsregnskap, men representerer ein alternativ avkastning som ØyVAR går glipp av ved at kapital er bunden i anleggsmidlar. Den kalkulatoriske rente-

kostnaden bereknast med utgangspunkt i anleggsmidlanes restavskrivingsverdi og ei kalkylerente. Kalkylerenta er årsgjennomsnittet av 5-årig swap-rente + 1/2 %-poeng. I 2024 var denne lik 4,35 %.


INDIREKTE DRIFTSUTGIFTER OG HANDTERING AV OVER- OG UNDERSKOT:

Sjølvkostforskrifta fastset regler for kva for kostnader som kan inngå i gebyrgrunnlaget. Vidare er det bestemt at eventuelle overskot skal avsettast til bundne sjølvkostfond. Eit overskot frå eit enkelt år skal tilbakeførast til brukarane i form av lågare gebyr i løpet av ein femårsperiode. Ein generasjon brukare skal ikkje subsidiere neste generasjon, eller omvendt. Kostnadane ved tenestene som ytes i dag skal dekkast av dei brukarane som drar nytte av tenesta. Dette inneberer at dersom kommunen ved ØyVAR har overskot som er eldre enn fire år, må dette i sin heilheit gå til reduksjon av gebyra det kommande budsjettåret. Eksempelvis må eit overskot som stammer frå 2024 i sin heilheit vere disponert innan 2029.

KRAV OM UTARBEIDING AV KALKYLAR:

I tillegg til å utarbeide ein etterkalkyle for kvar betalings-teneste må kommunen utarbeide forkalkyler i forkant av budsjettåret for å estimere drifts- og kapitalkostnader for neste økonomiplanperiode. Forkalkylane gir grunnlaget for kommunens gebyrsatsar. Ved budsjettering er det ein rekke usikre faktorar, blant anna framtidig kalkylerente, utvikling av tal på brukare og generell etterspurnad. I tillegg til å overhalde generasjonsprinsippet bør kommunen ha målsetning om minst mogleg svingingar i dei kommunale-gebyra. Resultatet for 2024 var ikkje kjent ved budsjettarbeidet i fjor haust. Dette fører til avvik mellom prognoser i budsjettet for 2025 og etterkalkylen for 2024.

KVA ÅR STAMMER FONDSMIDLENE FRÅ?



ETTERKALKKYLE SJØLVKOST 2024

	Totalt	Vatn	Avløp	Slam	Renovasjon	Kontroll og tilsyn av private avløpsanlegg	Kommunalt næringsavfall
Gebyrinntekter	274 537 119	101 974 251	101 363 461	6 909 851	60 173 662	278 161	3 837 733
Øvrige driftsinntekter	6 828 002	273 714	107 262	0	6 184 697	0	262 329
Driftsinntekter	281 365 121	102 247 965	101 470 723	6 909 851	66 358 359	278 161	4 100 062
Direkte driftsutgifter	155 643 239	46 348 589	45 724 877	6 387 143	53 661 777	264 250	3 256 602
Avskrivningskostnad	54 246 790	26 683 649	24 894 927	1 737	2 656 716	27	9 734
Kalkulatorisk rente (4,35 %)	49 077 097	19 872 595	26 808 987	774	2 383 926	12	10 802
Indirekte netto driftsutgifter	21 299 412	8 010 691	6 951 361	1 207 298	4 398 764	10 221	721 077
Indirekte avskrivningskostnad	1 444 198	539 987	481 377	52 767	342 469	597	27 001
Indirekte kalkulatorisk rente (4,35 %)	923 451	287 223	261 975	23 005	338 457	277	12 514
Driftskostnader	282 634 187	101 742 734	105 123 504	7 672 724	63 782 109	275 383	4 037 731
Resultat	-1 269 066	505 231	-3 652 781	-762 873	2 576 249	2 778	62 331
Sjølvcostgrad (%)	100 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %	100,0 %
Sjølvcostfond 01.01.	7 083 091	0	7 083 091	1 702 432	0	0	0
+ Avsetning til sjølvcostfond	62 331	0	0	0	0	0	62 331
- Bruk av sjølvcostfond	-3 652 782	0	-3 652 781	0	0	0	0
+ Kalkulert renteinntekt sjølvcostfond (4,35 %)	228 66	0	228 666	0	0	0	0
Sjølvcostfond 31.12. (inkl. rente)	3 721 308	0	3 658 977	0	0	0	62 331
Framførbart underskot 01.01.	-10 889 619	-2 456 334	0	-125 915	-8 231 384	-75 986	0
+ Inndekning av framførbart underskudd	3 084 258	505 231	0	0	2 576 249	2 778	0
- Underskot til framføring	-762 874	0	0	-762 874	0	0	0
- Kalkulert rentekostnad framførbart underskot (4,35 %)	-423 209	-95 862	0	-22 070	-302 032	-3 245	0
Framførbart underskot 31.12. (inkl. rente)	-8 991 442	-2 046 965	0	-910 859	-5 957 167	-76 453	0
Gebyrinntekter	274 537 119	101 974 251	101 363 461	6 909 851	60 173 662	278 161	3 837 733
Gebyrgrunnlag	275 806 184	101 469 020	105 016 242	7 672 724	57 597 412	275 383	3 775 402
Finansiell dekningsgrad (%)	99,5 %	100,5 %	96,5 %	90,1 %	104,5 %	101,0 %	101,7 %

NOTE 8 Fordringer, gjeld, pant og garantiar m.v

Langsiktig gjeld med forfall seinare enn fem år	2024	2023
Kommunal Landspensjonskasse	783 241 268	757 419 668
Kommunalbanken Norge	114 089 510	118 394 770
Nordea (frå Sund VA)	3 356 800	4 021 468
Sum	900 687 578	879 835 906

Gjeld som er sikra ved pant o.l. 1 125 244 978

Øyvar AS sine lån er tekne opp som serielån med resterande tid 10–40 år. Dei er dessutan fullt ut sikra med sjølvskuldarnarkausjon frå Øygarden kommune.

Selskapet har inngått avtale om rentesikring for delar av sine lån. Rentesikringa er eit ledd i selskapet sitt ønske om føreseielege rentebetalningar for å hindre store resultatutslag som følgje av rentesvingingar, og for å redusera risikoen knytt til låna.

Estimert negativ marknadsværdi av rentesikringsavtalen pr. 31.12.2024 er vist nedanfor.

	Handelsdato	Betal/ta imot – kurs	Hovudstol	Forfallsdato	Marknadsværdi 31.12.2024
Renteswap	03.12.2009	Ta imot 4,70 %	46 725 726	31.12.2030	7 369 714
Renteswap	03.12.2009	Betal 4,79 %	46 725 726	31.12.2030	–9 031 220
Renteswap	12.06.2020	Ta imot 4,69 %	6 680 140	03.03.2025	78 599
Renteswap	12.06.2020	Betal 1,93 %	6 680 140	03.03.2025	–32 345
Sum					–1 615 252

Eigaren av selskapet, Øygarden kommune, har stilt kommunal garanti for totalt 11 lån.

Sum av opprinneleg låneopptak er kr 1 418 111 777, der restlån per 31.12.2024 er kr 1 125 244 978.

Kassekreditt: ØYVAR AS har i 2024 fått innvilga kassekreditt med ramme på kr 20 000 000. Som sikkerhet for denne kreditten er eigeom i Lonavegen, Gnr 35, bnr. 419, 540, 621, 542 og 617.

NOTE 9 Kundefordringar

	2024	2023
Kundefordringar	6 872 634	5 643 711
Opptente, ikkje-fakturerte inntekter	598 822	0
En bloc-avsetjing for forventta tap	–69 000	–113 000
Sum	7 402 456	5 530 711

NOTE 10 Bankinnskot

Av selskapet sine bankinnskot er følgjande bundne skattetrekksmidlar:

	2024	2023
Bundne skattetrekksmidlar	1 655 024	1 731 680

NOTE 11 Aksjekapital og aksjonærinformasjon

AKSJEKAPITAL	Tal	Pålydande	Balanseført
Ordinære aksjar	10 000	1 000	10 000 000

AKSJONÆRAR	Ordinære aksjer	Eigarpart	Stemmerett
Øygarden kommune	10 000	100 %	100 %

Selskapet har ein aksjeklasse og alle aksjer har lik stemmerett.

NOTE 12 Anna kortsiktig gjeld

	2024	2023
Utsatt inntekt	0	7 978 208
Kortsiktig gjeld til kunder – kreditnota	3 431 376	0
Skuldig løn og feriepengar	4 186 864	4 006 152
Påkomne renter	9 984 169	9 825 153
Andre påkomne kostnader	4 965 625	8 131 029
Sum	22 568 034	29 940 542

Revisors beretning



BDO AS
Inger Bang Lunds vei 4
5059 Bergen

Til generalforsamlinga i ØyVAR AS

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen til ØyVAR AS.

Årsrekneskapen består av:

- Balanse per 31. desember 2024
- Resultatrekneskap for 2024
- Oppstilling over kontantstraumoppstilling for regnskapsåret avslutta per 31. desember 2024
- Notar til årsrekneskapen, irekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- Oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og
- Gjev årsrekneskapen eit rettvisebilde av den finansielle stillinga i selskapet per 31. desember 2024, og av resultat og kontantstraumane for reknskapsåret avslutta per denne datoen, i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen. Vi er uavhengige av selskapet, i samsvar med krava i lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale standardane om habilitet), utgjeve av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og vi har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Annan informasjon

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for annan informasjon. Annan informasjon består av årsmeldinga. Vår konklusjon om årsrekneskapen ovanfor dekkjer ikkje annan informasjon.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese annan informasjon identifisert ovanfor for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom denne og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om den tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Vi har plikt til å rapportere dersom annan informasjon framstår som vesentleg feil. Vi har ingenting å rapportere i så måte.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på kunnskapen vi har opparbeidd oss i revisjonen, meiner vi at årsmeldinga

- er konsistent med årsrekneskapen og
- inneheld dei opplysningar som skal givast i tråd med gjeldande lovkrav.

Penneco Dokumentnøkkel: L6ICT-4Y9QM-U8QHT-NNJK7-W8GBD-NJC08



Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at det gjev eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er òg ansvarleg for slik intern kontroll som den finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til vidare drift og opplyse om forhold av betydning for vidare drift. Føresetnaden om vidare drift skal leggjast til grunn for årsrekneskapen, så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ei høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller utilsikta feil. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom den, enkeltvis eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerdene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.

For vidare beskriving/omtale av revisor sine oppgåver og plikter visast det til:
<https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

BDO AS

Charlotte Bårdsen
statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

Pennco Dokumentnøkkel: L6ICT-4Y9QM-U8QHT-NNJK7-W8GBD-NJC08

STYRET 2024

Per Rune Eikeseth, leiar

Åse Gunn Husebø, nestleiar

Liv Trellevik

Hogne Hole

Kjell Arne Skålevik

Kristin Brennhaug

Cathrine Østervold, for dei tilsette

BEDRIFTSLEIING

Bjarne Ulvestad, dagleg leiar

Stig Hagenes, fagleiar vatn og avløp

Espen Elstad, fagleiar renovasjon

Tore Brakstad, fagleiar utbygging

Marianne Vindenes, personal-
og økonomileiar

Hilde Vik Halleraker, leiar for
kvalitetssikring og HMS

REVISJON

BDO AS

Inger Bang Lundsvei 4

5059 Bergen



ØyVAR AS

Lonavegen 20, 5353 Straume

postboks@oyvar.no

Org. nr. 985 345 899

www.oyvar.no

